

4.3 Uthus /naust / badehus

Det er vist plassering av naust på reguleringskartet. Denne plasseringa er retningsgjevande, og endeleg plassering må godkjennast i byggesøknad.


Naust kan ha mønehøgde inntil 5m og garnloft skal ikkje ha måleverdig (NS 3940) areal.

Naust skal ha takfall på omlag 41 grader, liknande dei 3 eksisterande nausta i område N1.

I område N2 kan det byggast naustrekke på 6 einingar med areal opp til 32m² per eining.

I område N3 kan det byggast fellesnaust med bodar. Naustbod i fellesanlegg kan oppførast med grunnflate inntil 5 m² BYA per eining.

Byggjegrænse mot veg er 19 m parallelt med hovudvegen si senterline.



3.1 Badeplass/friområde B1

Området B1 skal bevarast mest mogeleg naturleg. Det skal leggjast til rette for og planerast ut grasbakke i indre del av badevika, slik at og funksjonshemma kan nytta denne. (jf. fellesføresegner pkt 1.)

Det kan ryddast for natursti, og det kan setjast ut benkar i området.

2.4 Parkeringsplassar.

Område P1 er avsett til parkering for fellesnausta på N3.

Til mellomtids parkering av båthengar eller liknande utstyr skal det settast av plass på P2.

Parkering for N2 og N1 er avsett til P3 og P4 etter behov. P4 er fellesparkering, gjestar skal og nytta denne. Det er høve til å merka gjesteplassane.